


# Åmdals Verk Gruvemuseum



Åmdals kopperverk har historia si attende til 1540, og er soleis eit med dei eldste kopperverk i landet. Etter befaling av kong Christian 3. av Danmark-Norge vart saksiske bergmenn sendt til Telemark. Ved garden Slystøyl anla dei eit bergverk dei kalla Moisesberg. Det er desse gruvene vi no kjenner som Mosnap Moberg og Grusen. Den første drifta varde berre 10 år, fram til 1550.


Malmgangane ved Åmdal vart funne i 1689 og sette i drift 1691, då saman med dei gamle gruvene Moisesberg. Drifta ved Åmdals Verk har ein brokut historie – med drift og stille, og med mange skifte av eigarinteresser. Truleg er det berre drifta i perioden 1850-1900 som gav lønsom drift. Åmdalsgruvene vart lagd ned i 1945, og truleg er malmforekomstane i gruva for små til at drift kan takast oppatt.

Korleis museet vart til.

I 1978 vart tanken om eit gruvemuseum lufta. Ei nemd hadde tidlegare fått i oppdrag å få reist eit minnesmerke på Verket. Bilethoggarer Knut Skinnarland utforma

monumentet, og den 23/8-1981 vart støtta avduka, med stor festivitas. Stortingsmann Finn Kristiansen sto for avdukinga, og mange av dei gamle slitarane frå gruvetida var heidersgjester.

Som sagt, tanken om eit gruvemuseum voks fram, og i 1987 fekk vi ei lita hytte av kommunen som vart flutt til Verket. Denne vart sett istand så no hadde vi eit minimummuseum på 60 m<sup>2</sup>. Men huset vart snart for lite, og no hadde vi fått blod på tann. Vi søkte kommunen om pengar, og fikk 300000,- til prosjektarbeid. Men å bruke so mange pengar på prosjektering var ikkje i nemdas ånd. Vi søkte då kommunen om å få



*Væggen er på veg ned til såle 2  
der mye av malmbrøytingen foregikk  
under siste driftsperiode fra  
1937-1945*

bruke pengane på konkret pbygging, mot at vi laga planane sjølve på dugnad. Den første hovedplanen med delmål vart laga . Kommunen samtykte og det var berre å sette igang.

Året før var ein av dei verste stormane på lange tider, og mykje god skog vart blåst ned . Kommunen har to ganske store skogteig i området og her låg masse vindfeller. Desse fekk vi vederlagsfritt. Samstundes fekk vi disponere eit 130 mål stort område omkring gruvene. Dette vart seinare utvida til omlag 300 mål. Dugnadsgjengen sette no igang med å tilvirke tømmeret, fekk det kjørt fram til sagbruk, og materialane vart stabla opp ved byggeplassen. Grunnarbeidet og murane vart sett i stand med noko innleigd hjelp og arbeide for trygd, og sjølvsaugt dugnad. Grunnmurstegningar og hustegningar var ferdige frå ein del av dugnadsgjengen. Vi slapp å bruke dyr arkitekt og konsulenthjelp. Utover hausten og vinteren 90-91 vart råbygget reist. Til innreiingsarbeidet fekk vi god hjelp av ein sivilarbeider.

Omlag på denne tid kom Vest-Telemark Ressurssenter ved Dalen Vidaregåande Skule inn. Dei arbeide våre planar og kalkyler inn i ein oversikteleg og tiltalande rapport, som seinare har vore grunnlaget for alle søknader om stønad. Museet har no status som eit av kommunens hovudsatsingsområde og har kome inn på det økonomiske langtidsprogrammet. Samstundes med arbeidet på museet vart ein del av dei gamle gruvegangane gjort tilgjengeleg for allmenheten. Førebels er det sikra omlag 600 meter gruvegangar og sjakter. På sikt er det tanken å sikre endå omlag 600 m. Vi kan da koma ut i dagen ved ruinene av den gamle kompressorstasjonen "Cross-Cut". Med ei vandring gjennom denne delen av gruva vil ein kunne oppleve arbeidsplassen til gruvearbeidaren, frå den første tida då fyrsetting var vanleg og fram til meir moderne drift. Geologien er interessant med sedimentar frå prekambrisk tid, (600-1000 mill. år) Her kan du fylgje dei hydrotermale kvartsgangane, med koparmineral som har oksidert til alle regnbogens fargar. Inst inne er eit parti der malakitten lagar fine



*Br. 1912. 00. Steinhaugen. 1946*

grøne render langs ligen. Vi trur det kan bli ein opplevelsesrik tur.

Frå museet og ned til Cruveparken har vi rusta opp den gamle malmbanen, der du kan få ein togtur med verdens kortaste jernbane, 800 m. Men den går gjennom idyllisk natur.

I skrivande stund kan vi si at første byggesteg er ferdig. Her kan vi avslutte og likevel ha eit fullverdig gruvemuseum.

På programmet for vidare utbygging.

I området kring Verket er det mange gamle formimner. Bl. a. har vi restar etter eit stort vasshjul. Til å drive dette er det mogleg å få vatn gjennom ein kanal frå 1800 talet. Tuftene etter den gamle kompressor-

stasjon der rørgata framleis står. Arbeidarbustad frå ikring 1850. Husmannsplass der gruvearbeideren hadde ei attåttnæring. Gruvegangar frå den eldre drifta, drivne inn med fyrsetting.

#### Etterord.

Ved museet er det til no skapt verdiar for omlag 2.5 mill. kroner. Av dette er tilskot frå komunen ca. 1 mill. kroner. Ca. 1 mill. kroner som dugnad. Ellers har vi fått støtte frå: Bygdeutviklingsfondet, Sysselsetningsmidlar Fylkeslandbrukskontoret SKAP. Og, pr idag er vi gjeldfrie.

# STEINHAUGEN

## Mineral Galleri – Rock Shop

### Storgt. 15, 1500 Moss – Tlf. 69 25 19 63